

Tilsynsrapport - miljørevisjon

Revidert eining:	Ljones Fisk, (Lingalaks A/S)	
Revisjonsdato:	28.2.2014	
Stad:	På anlegget	
Medverkande frå revidert eining:	Maria Åkre, Driftsleiar Kasper Tangen, Kvalitetsleiar	
Revisjonsgruppe frå NVE	Ole Per Schei, Revisjonsleiar	 (sign.)
	Katarina Eftevand., Medrevisor	
Seksjon:	Øyvind Leirset, Seksjonssjef	 (sign.)
Vår ref Saksnr./Arkiv:	201001526	

1. Innleiing

1.1 Formål med revisjonen

Miljøtilsynet er ein systemrevisjon og ein anleggsinspeksjon. Etter § 7 i forskrift etter vassdragslovgivingen (FOR 2011-10-28 nr. 1058, IK-vassdrag) har NVE ansvar for å føre tilsyn med at forskrifta vert oppfylt.

Formålet med ein systemrevisjon er å kontrollere om føretaket oppfyller kravet om å etablere eit internkontrollsystem for det enkelte vassdragsanlegg som sikrar at krav til naturmiljø og landskap blir teke vare på, på ein tilfredsstillande måte i samsvar med vassdragslovgivinga, forskrifter, konsesjonsvilkår, pålegg og godkjende detaljplanar.

Føremålet med anleggsinspeksjonar er å kontrollere at tilstanden til anlegga er i samsvar med nemnte krav. For anlegg i driftsfasen, er det lagt vekt på landskap og miljømessige tiltak som t.d. tersklar, vegetasjonsetablering på tippar, kontroll og informasjon om manøvreringsreglement og minstevassføringar og rydding av elveløp/flomløp. Forventa natur- og landskapsmessig standard er nærare omtalt i NVE rettleiar nr 2/2005 Miljøtilsyn ved vassdragsanlegg.

1.2 Revisjonsgrunnlag

NVE fører miljøtilsyn med vassdrag og grunnvatn på følgjande grunnlag:

- Lov av 24. november 2000 nr.82 om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) §§ 5, 8, 10, 41, 54
- Lov av 14. desember 1917 nr.17 om vassdragsreguleringer § 12 postane 12 og 13
- Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivingen (FOR 2011-10-28 nr. 1058, IK-vassdrag) §§ 4 og 5
- Konsesjon for regulering og vassuttak frå Eidesvatnet av 25.3.2014
- Aktuelle godkjenningar og løyve frå NVE



- Mottatt dokumentasjon frå selskapet
- Følgjande område vart kontrollert: Inntaksområdet ved Eidesvatnet og vannveg til anlegget.

1.3 Tema for revisjonen ved Ljones Fisk A/S 28.2.2014

Revisjonen omfatta :

- IK-vassdrag generelt
- Minstevassføring
- Vassuttak
- Regulering

1.4 Funn

3 Avvik

3 Merknader

Avvik er: Brot på krav gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgivinga og eventuell anna lovgiving NVE forvaltar.

Merknad er: påpeiking av forhold med mogleg forbetring eller forhold som bør vurderast nærare av selskapet, men som ikkje er brot på krav gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgivinga og eventuell anna lovgiving NVE forvaltar.

1.5 Generelle kommentarar

Lingalaks A/S kjøpte opp Ljones Fisk A/S i mars 2013. Dei organisatoriske endringane på anlegget med nye eigarar og endringar knytt til ansvar har, slik NVE oppfattar det, gjort at ansvar knytt til vassdragsdelen av anlegget ikkje har vore tilstrekkeleg ivareteke. Etter at verksemda mottok NVE sitt varsel om revisjon har dei sett i verk eit arbeid med IK-vassdrag og eit særskilt fokus knytt til vassdragsdelen av anlegget. Gjennom dette arbeidet er det i verksemda mellom anna avdekkja underskriving av minstevassføring i periodar, og at desse underskrivingane ikkje vert identifisert via gjeldande prosedyrar. Verksemda har vidare identifisert eit stort potensial for betringar knytt til IK-vassdrag og har mellom anna innført nye rutinar for oppfølging av vilkåra i konsesjonen. Lingalaks har eit overordna system for internkontroll for sine anlegg, men gjennomgangen syner at det er naudsynt med ei lokal tilpassing til anlegget. NVE oppfatta gjennomgangen som konstruktiv og god.

2. Heime, avvik og fastsetjing av tidsfristar

Avvik Nr.	Heime	Skildring av avvik	Frist for lukking
1	NVE sitt vedtak om godkjenning av detaljplan datert 8.3.2013 med frist for gjennomføring 31.12.2013	<i>Tiltaket som er omfatta av godkjenninga er ikkje gjennomført, m.a. vassledning er framleis ikkje nedgraven.</i>	31.5.2014

Avvik Nr.	Heimel	Skildring av avvik	Frist for lukking
2	IK-vassdrag § 5-1	IK-vassdrag er ikkje tilstrekkeleg innarbeidd på anlegget. Pliktene knytt til oppfølging m.a. av vassdragsdelen av anlegget er noko uavklart.	31.5.2014
3	IK-vassdrag § 5-3	Verksemda har ikkje gjennomført turvande opplæring av nytt personell på anlegget, samt tilsvarande tydeleggjering av ansvar, jf. Oppfølging av avvik nr 1 og ansvar knytt til oppfølging av vilkår i konsesjon MVF og reguleringsgrenser.	31.5.2014

3. Varsel om vedtak

NVE varslar med dette om at vi vil vurdere å treffe vedtak om retting i tilfelle avvika ikkje er lukka innan 31.5.2014 jf. vassressurslova § 59.

3.1 Frist til uttale

Frist til å komme med uttale i saka er sett til 31.3.2014. Vi oppmodar særleg til at faktiske opplysningar som gjeld saka, blir korrigert eller supplert. Dersom uttale ikkje er komen til NVE innan fristen, vil NVE legge til grunn dei opplysningane som ligg føre i saka.

4. Skildring av merknader

Nr.	Skildring av merknad
1	IK- vassdrag § 5-5: <u>Merknad:</u> System for logging av mvf vert lesen av kvartalsvis. Logg viser at verksemda i kortare periodar har underskride krav til mvf. <u>Tilråding:</u> Verksemda har i etterkant etablert rutinar med visuell inspeksjon som skal kompensere for dette, men det vert rådd til at det vert etablert system i direkte kommunikasjon slik at verdiane kan nyttast for direkte kontroll med at mvf kravet vert stetta. Dette gjeld og reguleringsgrensar.
2	IK- vassdrag § 5-8: <u>Merknad:</u> Verksemda har hatt brot på pålagd minstevassføring utan at dette her identifisert, i tillegg er ikkje myndighetskrav fylgt opp, jf avvik 1. Det kan tyde på at avviksbegrepet er noko uklårt. <u>Tilråding:</u> Avviksbegrepet bør tydeliggjerast slik at tilsynspersonell er inneforstått med kva som er avvik, jf. avvik nr 1 om manglande oppfølging av vårt vedtak.
3	IK- vassdrag § 5-9: <u>Merknad:</u> Verksemda ser ut til å ha mangelfulle prosedyrar for fullstendig gjennomgang av IK-systemet knytt til IK-vassdrag. <u>Tilråding:</u> Verksemda bør oppdatere prosedyrar for gjennomgang av verksemda sitt IK-system slik



	at IK-vassdrag får eit tydelegare fokus.
--	--